

## RÅSDIREKTIV 2005/47/EF

2010/EØS/23/52

av 18. juli 2005

**om avtala mellom Det europeiske jarnbanefellesskapet (CER) og Den europeiske transportarbeidarføderasjonen (ETF) om visse aspekt ved arbeidsvilkåra til mobile arbeidstakarar som utfører samtrafikktenester over landegrensene innanfor jarnbanesektoren**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

arbeider innanfor jarnbanetransportsektoren om bord på tog.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 139 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen og

- 6) Det europeiske jarnbanefellesskapet (CER) og Den europeiske transportarbeidarføderasjonen (ETF) har meldt frå til Kommisjonen om at dei ønskjer å innleie tingingar i samsvar med artikkel 139 nr. 1 i traktaten.

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dette direktivet stettar dei grunnleggjande rettane og prinsippa som er fastsette i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar, og er utforma for fullt ut å sikre at artikkel 31 i den nemnde pakta vert etterlevd; i den nemnde artikkelen er det fastsett at alle arbeidstakarar har rett til sunne, trygge og verdige arbeidstilhøve, til ei høgstegrense for arbeidstida si, til periodar med døgnkvil og vekekvil og til betalt ferie kvart år.
- 2) I samsvar med artikkel 139 nr. 2 i traktaten kan partane i arbeidslivet i fellesskap oppmode om at avtaler som er gjorde på fellesskapsplan, vert gjennomførte ved ei avgjerd som Rådet tek etter framlegg frå Kommisjonen.
- 3) Rådet har vedteke direktiv 93/104/EF av 23. november 1993 om visse aspekter ved organisering av arbeidstiden<sup>(1)</sup>. Jarnbanetransport var ein av dei verksemdssektorane som ikkje var omfatta av verkeområdet for det nemnde direktivet. Europaparlamentet og Rådet har vedteke direktiv 2000/34/EF<sup>(2)</sup>, som endrar direktiv 93/104/EF slik at dei sektorane og den verksemda som tidlegare hadde hatt unntak frå direktivet, skulle verte omfatta.
- 4) Europaparlamentet og Rådet har vedteke direktiv 2003/88/EF av 4. november 2003 om visse aspekt ved organisering av arbeidstida<sup>(3)</sup>, som konsoliderte og oppheva direktiv 93/104/EF.
- 5) I direktiv 2003/88/EF er det fastsett at det kan gjerast unntak frå artikkel 3, 4, 5, 8 og 16 for personar som

- 7) 27. januar 2004 vart det inngått ei avtale mellom desse organisasjonane om visse aspekt ved arbeidstilhøva til mobile arbeidstakarar som utfører samtrafikktenester over landegrensene, heretter kalla «avtala».
- 8) Avtala omfatta ei felles oppmoding til Kommisjonen om at avtala skal gjennomførast gjennom ei avgjerd som Rådet tek etter framlegg frå Kommisjonen, i samsvar med artikkel 139 nr. 2 i traktaten.
- 9) Direktiv 2003/88/EF vert nytta på mobile arbeidstakarar som utfører samtrafikktenester over landegrensene, bortsett frå i tilfelle der dette direktivet og den vedlagde avtala inneheld meir spesifikke føresegner.
- 10) For føremåla med artikkel 249 i traktaten bør avtala gjennomførast ved hjelp av eit direktiv.
- 11) Ettersom måla for dette direktivet, som i lys av gjennomføringa av den indre marknaden for jarnbanetransportsektoren og konkurransen i denne sektoren er meinte å skulle verne helse og tryggleik, ikkje i tilstrekkeleg grad kan nåast av medlemsstatane og difor betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 195 av 27.7.2005, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 31/2007 av 27. april 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og trygghet på arbeidsplassen. arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn) se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38, 9.8.2007, s. 36.

<sup>(1)</sup> TEF L 307 av 13.12.1993, s. 18. Direktivet endra ved direktiv 2000/34/EF.

<sup>(2)</sup> TEF L 195 av 1.8.2000, s. 41.

<sup>(3)</sup> TEU L 299 av 18.11.2003, s. 9.

- 12) Utviklinga av den europeiske jarnbanesektoren krev tett overvaking av den rolla som noverande og nye aktørar spelar, slik at det kan sikrast ei harmonisk utvikling i heile Fellesskapet. Den europeiske dialogen mellom partane i arbeidslivet på dette området, bør kunne spegle av og i størst mogleg grad ta omsyn til denne utviklinga.
- 13) Når det gjeld dei omgrepa i avtala som ikkje er særskilt definerte der, kan medlemsstatane sjølve definere desse i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis, slik tilfellet òg er når det gjeld andre direktiv om sosialpolitiske spørsmål der liknande omgrep er nytta, på det vilkåret at definisjonane er i samsvar med avtala.
- 14) Kommisjonen har utarbeidd framlegget sitt til direktiv i samsvar med meldinga si av 20. mai 1998 om tilpassing og fremjing av dialogen mellom partane i arbeidslivet på fellesskapsplan, samstundes som det vert teke omsyn til den representative stillinga til avtalepartane og til lovsamsvaret med kvar einskild artikkel i avtala. Underskrivarane kan i tilstrekkeleg grad representere mobile arbeidstakarar som utfører samtrafikktenester over landegrensene som vert drivne av jarnbaneføretak.
- 15) Kommisjonen har utarbeidd framlegget sitt til direktiv i samsvar med artikkel 137 nr. 2 i traktaten, der det er fastsett at direktiv på sosialområdet skal unngå å påleggje administrative, økonomiske og rettslege byrder som er av ein slik art at dei motverkar skipinga og utviklinga av små og mellomstore føretak.
- 16) I dette direktivet og i avtala er det fastsett minstekrav. Medlemsstatane og/eller partane i arbeidslivet bør kunne halde ved lag eller innføre meir gunstige føresegner.
- 17) Kommisjonen har meldt frå til Europaparlamentet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet ved å sende dei framlegget til direktiv for gjennomføring av avtala.
- 18) Europaparlamentet vedtok 26. mai 2005 ein resolusjon om avtala mellom partane i arbeidslivet.
- 19) Gjennomføringa av avtala vil medverke til å nå dei måla som er fastsette i artikkel 136 i traktaten.
- 20) I samsvar med nr. 34 i den tverrinstitusjonelle avtala om betre regelverksutforming<sup>(1)</sup> vert medlemsstatane oppmoda til, både for sitt eige føremål og i interessa til Fellesskapet, å utarbeide og offentleggjere eigne tabellar, som i størst mogleg grad viser samanhengen mellom dette direktivet og innarbeidingstiltaka —

## VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Målet med dette direktivet er å gjennomføre den avtala som vart inngådd 27. januar 2004 mellom Det europeiske jarnbanefellesskapet (CER) og Den europeiske transportarbeidarføderasjonen (ETF) om visse aspekt ved arbeidsvilkåra til mobile arbeidstakarar som utfører samtrafikktenester over landegrensene.

Avtaleteksta finst som vedlegg til dette direktivet.

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane kan halde ved lag eller innføre føresegner som er meir gunstige enn dei som er fastsette ved dette direktivet.

2. Gjennomføringa av dette direktivet skal under ingen omstende vere noka tilstrekkeleg grunngeving for å rettferdiggjere ein reduksjon i det generelle nivået for vern av arbeidstakarar på dei områda som dette direktivet omfattar. Dette skal ikkje røre ved dei rettane som medlemsstatane og/eller partane i arbeidslivet har, i lys av endra omstende, til å fastsetje andre lover, reglar eller avtaleføresegner enn dei som gjeld ved tidspunktet då dette direktivet vert vedteke, på det vilkåret at dei minstekrava som er fastsette ved dette direktivet, vert stetta.

*Artikkel 3*

Utan at det rører ved dei føresegnene i avtala som gjeld oppfølging og evaluering frå underskrivarane si side, skal Kommisjonen, etter konsultasjon med partane i arbeidslivet på europeisk plan og innan 27. juli 2011, leggje fram ein rapport for Europaparlamentet og Rådet om gjennomføringa av dette direktivet, sett i lys av utviklinga innanfor jarnbanesektoren.

<sup>(1)</sup> TEU C 321 av 31.12.2003, s. 1.

*Artikkel 4*

Medlemsstatane skal fastsetje kva sanksjonar som skal nyttast ved tilfelle av brot på nasjonale føresegnar som er vedtekne for å gjennomføre dette direktivet, og skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at sanksjonane vert gjennomførde. Sanksjonane må vere effektive, svare til brotet og vere avskrekkande. Medlemsstatane skal innan 27. juli 2008 melde frå til Kommisjonen om desse føresegnene, og skal i god tid melde frå om alle seinare endringar.

*Artikkel 5*

Etterkonsultasjon med partane i arbeidslivet skal medlemsstatane innan 27. juli 2008 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, eller sikre at partane i arbeidslivet innan denne datoen gjennom avtale har vedteke dei forskriftene som er naudsynte. Dei skal straks sende teksta til føresegnene over til Kommisjonen.

Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for at dei når som helst er i stand til å garantere dei resultatata som er pålagde ved dette direktivet, og skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

*Artikkel 6*

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 7*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. juli 2005.

*For Rådet*

M. BECKETT

*Formann*